

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-034

JournalpostID:

Saksbehandlar:

Dato: 25.08.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
079/20	Alver formannskap	03.09.2020

Framlegg til ny Forskrift XX.XX.2020 om folkevalde sin rett til godtgjering og utgiftsdekking i Alver kommune - høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til ny forskrift og oppdatert «Politisk styringsstruktur og reglement» sendast til dei politiske partia i Alver kommune med høyringsfrist 1.10.2020

Oppdatert «Politisk styringsstruktur og reglement» gjeld frå same iverkettingsdato som forskrifta.

Alver formannskap 03.09.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FO- 079/20 Vedtak:

Framlegg til ny forskrift og oppdatert «Politisk styringsstruktur og reglement» sendast til dei politiske partia i Alver kommune med høyringsfrist 1.10.2020

Oppdatert «Politisk styringsstruktur og reglement» gjeld frå same iverkettingsdato som forskrifta.

Politisk handsaming

Høyringssaka skal avgjerast i formannskapet

Saksopplysninger:

Kommunal og Moderniseringsdepartementet har i brev av 4. desember 2019 kome med påminning og veiledning om utarbeiding av forskrift knytt til folkevalde si rett til godtgjering og utgiftsdekking. Våre «Arbeidsvilkår og godtgjersle til folkevalde» er integrert i «Politisk styringsstruktur og reglement». Kva godtgjering folkevalde i Alver kommune skal ha er ikkje utforma som forskrift, og må difor utarbeidast på nytt i tråd med Forvaltningslova § 2 første ledd bokstavane a og c.

Vurdering:

Den nye kommunelova (kapittel 8) gav føringar for utarbeiding av regler knytt til godtgjering for folkevalde og at dette må utformast som ei forskrift når lova trådde i kraft. Framlegget til

forskrift er utarbeide med grunnlag i satsar og reglar i «Politisk styringsstruktur og reglement», vedteke av Alver kommunestyre 17.10.2019. Det er gjort vesentlege endringar i sjølve dokumentet, ved at «Arbeidsvilkår og godtgjersle til folkevalde» er tekne ut og omarbeida til ei forskrift. I framlegg til forskrifta er det gjort nokre få presiseringar og avgrensingar. Dei mest vesentlege endringane er kommentert i saksframstillinga.

Forskrift som skal endrast eller er ny, skal til høyring. Det er kommunestyret sjølv som bestemmer korleis høyringa skal gjennomførast. Rådmannen meiner at høyring i dei politiske partia som er representert i kommunestyret, med fire veker frist, er tilstrekkeleg for at partia kan drøfte dette internt, før handsaming i formannskap og kommunestyre. Det er eit mål at den nye forskrifta kan verte gjort gjeldande før nytt år. Eventuelle høyringssvar vert å sende til politisk sekretariat i Alver kommune via postmottak@alver.kommune.no.

Relevante endringar:

§ 1 Føremål er ny formulering – skal vere føremål i alle lovar og forskiftar. Framlegg til tekstu henta frå departementet sitt skriv.

§ 2 Frist for framsetting av krav, 90 dagar er ny. Skal sikre god moglegheit for etterprøving av utgifter som den folkevalde ynskjer refundert og at utgifter til politisk verksamhet vert bokført raskast mogeleg for å kunne føre utgiftene i rett kvartal/år.

§ 3 Skal det utdjupast kva legitimasjon som krevst eller skal dette utbetalast utan krav til dette? Gjeld § 2 første ledd bokstav b.

§ 3 siste ledd. Nokre verbale presiseringar er gjort, ikkje reelle endringar.

§ 4 Det er rydda i teksten og varaordførar er inkludert i same avsnitt som ordførar.

§ 8 Forskrifta tek til å gjelde frå den er vedteke i kommunestyret.

Avsnitt med lønsfastsetjing for rådmann er flytta til «Reglement for formannskapet», i oppdatert «Politisk styringsstruktur og reglement». Utover dette er det ikkje føreteke endringar i det opphavelege dokumentet og rådmannen meiner difor det ikkje er naudsynt å ha politisk prosess knytt til justeringane/oppdateringane av «Politisk styringsstruktur og reglement».

Vedlegg i saken:

25.08.2020	Framlegg forskrift	1434846
25.08.2020	Politisk styringsstruktur og reglement oppdatert med forskrift	1434847
25.08.2020	Politisk styringsstruktur og reglement oppdatert etter vedtak 20.02.2020 (L)(43213)	1435049